

# VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I STORD KOMMUNE.

Vedtekne i Stord kommunestyre 28.5.2015. Gjeldande frå 1.8.2015



## 1. FØREMÅL

Skulefritidsordninga er eit omsorgs – og fritidstilbod i hovudsak for barn på 1. –4. trinn.

I tillegg gjeld ordninga også for barn med særskilte behov på 5.-7.trinn.

Tilbodet vert gitt utanom den obligatoriske skuledagen for 1. – 4. trinn.

Innhald og aktivitet skal ha hovudvekt på leik, kultur – og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hjå barna.

Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår.

## 2. EIGARFORHOLD

Stord kommune er eigar og ansvarleg for drifta ved dei kommunale skulefritidsordningane.

## 3. OPPTAKSMYNDIGHEIT

Inntak av barn vert gjort ved den enkelte skule. Den kommunale klagenemnda er klageinstans.

## 4. OPPTAKSKRITERIUM

Målet er at alle som søker skal få plass i skulefritidsordninga. Følgjande kriterium i prioritert rekkefølge vil vera retningsgjevande ved inntak:

- I. Barn med særskilde vanskar. Føresetnaden er at ei fagleg vurdering ligg til grunn. Barn med funksjonshemming kan delta t.o.m.7.trinn.
- II. Barn til einslege forsyttarar som er i arbeid utanfor heimen eller går på skule.
- III. Barn frå familiar der ein av dei føresette er vekependlar.
- IV. Barn som har begge forsyttarar i arbeid utanfor heimen eller under utdanning.
- V. Dei yngste barna
- VI. Alle andre barn.

## 5. OPPTAKSPERIODE OG OPPSEIING AV Plassen

Hovudinntaket skjer i vårsemesteret og gjeld for eit skuleår eller til plassen vert sagt opp. Det blir gitt tilbod om sommar-SFO og SFO på elevfrie dagar ved ein av barneskulane i kommunen.

Det er ei gjensidig oppseiingstid på to -2- månadar, rekna frå den 1. i kvar månad. Det er ikkje høve til å seia opp etter 1.april. Dersom det er plass, kan skulen ta inn elevar i SFO for kortare periodar. Føresette må senda skriftleg oppseiing til den skulen skulefritidsordninga høyrer til.

## 6. FORELDREBETALING

Utgiftene til den ordinære skulefritidsordninga skal dekkast av foreldrebetalinga. Stord kommunestyre gjer vedtak om pris for dei ulike tilboda kvart budsjettår.

For barn med særskilte behov er SFO gratis på 5.-7.trinn.

Prisane blir vurdert regulert i tilknytning til den årlege budsjettprosessen. Ved prisendring som har si årsak i endringar i statlege føringar med konsekvensar for SFO, vil dette gjerast gjeldande frå den dato som staten har sett.

For SFO i skuleåret skal det betalast for 10 månadar med betalingsfrist den 20.kvar månad. Sommar-SFO og SFO på elevfrie dagar skal det betalast ekstra for. Betalingsattsane er ikkje gradert etter inntekt. Ordninga gjev ikkje høve til søskenmoderasjon. Det er høve til å ta ekstra betaling til mat, turar og utflukter. For sein betaling vil føra til morarente.

## 7. LEIKE-OG OPPHALDSAREAL

Skulefritidsordninga nyttar lokalar og uteareal ved skulane. Leike – og opphaldsareala skal fungera for leik, kultur – og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hjå barna. I praksis vert SFO ofte samlokalisert med 1. - 4. trinna sine heimeareal. Det skal føreliggja godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

## 8. DAGLEG OPPHALDSTID OG ÅRLEG OPNINGSTID

Skulefritidsordninga fylgjer skuleåret. Dagleg opningstid er normalt mellom kl.06.45 – kl.16.15.

### Tilbod:

Tilbod	Plass i prosent
Fem dagar i veka frå kl.6.45 til kl.16.15	100 %
Fem dagar i veka frå kl.6.45 til skulestart	50 %
Fem dagar i veka frå skuleslutt til kl.16.15	80 %
Fire dagar i veka frå kl.6.45 til kl.16.15	80 %
Fire dagar i veka frå skuleslutt til kl.16.15	60 %
Turnus: Fem dagar i veka frå kl.6.45 til kl.16.15 (10 dagar pr. månad)	50 %

Det blir gitt tilbod om sommar-SFO og SFO på elevfrie dagar til born frå alle STORD-skulane ved Tjødnalio skule. Tilsette i ordninga skal gjennom skuleåret delta på planleggingsdagar.

## 9. BEMANNING OG LEIING/KOORDINERING

Rektor har det administrative, pedagogiske og økonomiske ansvar for skulefritidsordninga på kvar skule. Skulefritidsordninga skal vera ein naturleg del av skulen si drift.

Innan dei rammene som brukarbetalinga gir, kan rektor setja av ressursar til ein koordinator/leiar i ordninga.

**Leiar** for SFO deltek på samarbeidsmøte ved skulen i saker som gjeld skulefritidsordninga primært, og i saker som gjeld annan drift av skulen, dersom desse grip inn i skulfritidsordninga.

**Samarbeidsutvalet** ved skulen er styre for skulefritidsordninga. Utvalet bør utvidast med ein representant for dei tilsette i skulefritidsordninga i saker der det er ynskjeleg. Det same gjeld for foreldrerepresentant for skulfritidsordninga. Dei har då møte – tale – og stemmerett.

Rettleiande bemanningsfaktor er 15 barn pr. vaksen, og det kan ikkje tilsetjast fleire vaksne enn betalingsgrunnlaget tilseier. Det blir i tillegg tildelt ressursar av dei frie inntektene til kommunen, til SFO-grupper som har barn med særskilte behov.

Alle som blir tilsette i SFO, må leggja fram politiattest.